



Audun Vabø  
Vabøvegen 213  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3682 - 15/32951

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
26.10.2015

## Gbnr102/138 Vabø. Deling av grunneigedom for arealoverføring til gbnr102/132.

Eigedom: Gnr.102 bnr.138 Vabø  
Adresse for eiged.: Vabøvegen, 5955 Lindås  
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring  
Heimelshavar: Audun Vabø  
Søker: Audun Vabø

### Saka gjeld:

Søker eig gnr.102 bnr.138. Dette er ein parsell utan hus med eit areal på 12000m<sup>2</sup>. Den ligg ved sida av regulert bustadfelt på Vabø. Det vert søkt om å få dele frå eit areal på 300m<sup>2</sup> som skal vere tillegg til gnr.102 bnr.132. Dette er tomt nr.9 i bustadfeltet, med eit areal på 1000m<sup>2</sup>.

### Planstatus/dispensasjonar:

Gnr.102 bnr.138 er i gjeldande plan sett av til bustad – B17. Det er krav om regulering før tiltak etter pbl §20-1 og 20-2 kan settast i verk. Deling er eit tiltak som fell inn under denne regelen. Tiltaket det gjeld er av lite omfang. Det er søkt om å få dele frå 300m<sup>2</sup> som skal vere tillegg til ein tomt som ligg i regulert bustadområde *Vabø bustadfelt med planid. 1263 – 26102006*. Arealet ligg heilt i utkanten av B17 og utgjør ein spiss trekant. Det vil ikkje få noko å seie for vidare utnytting av B17 om denne fliken vert delt frå utan at feltet er regulert.

Sakshandsamar er av den oppfatninga at dispensasjon ikkje er naudsynt. Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan i den forstand at arealet det gjeld er sett av til føremålet.

Ein strekar like vel under at vidare frådelingar utan at området er regulert, ikkje kan påreknast.

### Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Parsellen skal leggest til eksisterande bustadtomt 102/132. Til denne tomte er det ført fram veg, vatten og avløp i samsvar med reguleringsplanen.



**VEDTAK:**

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 300m2 areal for bustadføremål frå gnr.102 bnr.138, slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknad stempla motteke i kommunen 21.10.2015.

Parsellen skal nyttast som tillegg til gnr.102 bnr.132 og skal føyast saman med denne eigedommen.

**Grunngjeving for vedtaket:**

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.

Arealet det gjeld skal ikkje nyttast til bygging, og vurdering etter §26-1 er ikkje aktuelt.

Det gjeld å dele frå 300m2 areal sett av til bustadføremål, for å overføre parsellen som tillegg til ein bustadtomt som ligg i regulert bustadfelt.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.pbl §21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014 gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, området er uregulert kr.6200,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak og partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**  
Kenneth Vabø

Vabøvegen 169 5955

LINDÅS

**Mottakarar:**  
Audun Vabø

Vabøvegen 213 5955

LINDÅS